



Trafikktryggingsplan for Årdal kommune 2024 – 2030 (2032)



Foto: Hans Smedegård

Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Årdal kommune

Tittel på rapport: Trafikktryggingsplan for Årdal kommune 2024 - 2030 (2032)

Oppdragsnamn: Trafikktryggingsplan Årdal

Oppdragsnummer: 641164-01

Utarbeidd av: Åshild Wheeler

Oppdragsleiar: Øyvind Sundfjord

Tilgjenge: Open

03	8. aug. 2024	Leveranse etter høring	ÅW	SO
02	21. mai. 2024	Endeleg leveranse	ÅW	SO
01	10. mai. 2024	Første utkast	ÅW	SO
Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS

Forord

Asplan Viak har vore engasjert av Årdal kommune for å revidere Trafikktryggingsplanen 2016-2022(26). Arbeidet er gjort i samarbeid med Bjørn Indrebø, som har vore Årdal kommune sin kontaktperson for oppdraget.

Øyvind Sundfjord har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Åshild Wheeler har vore fagansvarleg for trafikktryggleik og hovudmedarbeidar for utarbeiding av planen.

Steinar Onarheim har vore ansvarleg for kvalitetssikring.

Bergen, 08.08.2024

Øyvind Sundfjord

Oppdragsleiar

Steinar Onarheim

Kvalitetssikrar

Innhald

1. Samandrag	5
2. Innleiing	6
3. Planprosess	7
3.1. Overordna føringar	7
3.2. Organisering av planarbeidet	8
4. Vegsystem i Årdal kommune	9
4.1. Veg- og trafikkmönster	9
4.2. Ulukkesanalyse og trafikktryggingssituasjonen i dag	11
5. Trafikktryggingsarbeid i Årdal kommune	18
5.1. Årdal tenk tryggleik (ÅTT)	18
5.2. Trafikkregulering og kontroll	19
5.3. Opplæring og informasjon - Barn og ungdom	20
6. Visjon og mål	23
6.1. Visjon	23
6.2. Mål for Trafikktryggingsplanen 2020 - 2026	24
6.3. Mål for Trafikktryggingsplanen 2024 - 2030	24
7. Handlingsplan og tiltak	25
7.1. Mota prisen for "Årets trafikksikkerhetskommune"	26
7.2. Fleire skal føle seg trygge på veg til skule og barnehage	27
7.3. Fleire skal føle seg trygge i og rundt idrettsanlegg	27
7.4. Vegnettet skal vere tilpassa alle brukara	28
7.5. Redusera talet på og konsekvensar av utforkøyringar og møteulukker	28
7.6. Utbetre siktforholda langs fylkesvegar og kommunale vegar	28

7.7. Fleire overheld fartsgrenser, kører rusfritt og er merksame i trafikken	29
7.8. Gjennomføra fysiske tiltak i tråd med innmelde behov	29
7.9. Krav og rettleiing for gjennomføring av tiltak	30
7.10. Budsjettmessige og administrative konsekvensar	31
7.11. Oppfølging av planen	32
8. Vedlegg	33
9. Kjelder	34

1. Samandrag

Fyrste del av trafikktryggingsplanen gir informasjon om kvifor ein har behov for ein trafikktryggingsplan i Årdal kommune, og skildrar planprosessen for å skape ein god plan. Vidare får ein informasjon om folkesetnad og vegsystemet i Årdal kommune. Her får vi og informasjon om ulukkestypar, og kva andre trafikale problem ein har i kommunen. Her er det og oppdatert informasjon om korleis trafikktryggingsarbeidet i Årdal kommune er organisert i dag.

Etter gjennomgått grunnlagsinformasjon, følgjer eit kapittel om visjonar og mål, som er sjølvre grunnsteinen i trafikktryggingsplanen. Måla gjer grunnlag for kva tiltak ein skal jobba med dei neste åra, og er viktig å ha i bakhovudet når ein skal setje prioritering på tiltak.

Kapittelet «Handlingsplan og tiltak» seier noko om korleis ein skal jobbe for å oppnå dei nye måla, og seier litt om innspela som er tatt med i ny plan. Sjølve innspela er lagt som vedlegg, då dei skal kunne oppdaterast undervegs.

Trafikktryggingsplanen blir avslutta med eit delkapittel om oppfølging, som sikrar at den som er ansvarleg for planen held god framdrift i gjennomføringa.

2. Innleiing

Kommunal Trafikktryggingsplan for Årdal kommune 2024-2030 er ei revidering av planen frå 2016-2022(26).

Målet med planen er å auke kommunen sin innsats på trafikktryggingsarbeidet, samtidig som det er ein føresetnad å ha ein trafikktryggingsplan for å få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av trafikktryggingstiltak på fylkesvegar og kommunale vegar.

Årdal kommune satsar stort på trafikktryggingsarbeidet, og er blant anna godkjend som trafikksikker kommune av Trygg trafikk frå 2023 og tre år fram i tid. For å oppnå denne godkjenninga, vert det stilt krav til god systematisering av trafikktryggingsarbeidet.

Ein viktig del av trafikktryggingsplanen, er å gjennomføre tiltak dei ulike partane har forplikta seg til i NTP for å auke trafikktryggleiken på veg.

3. Planprosess

3.1. Overordna føringar

Nullvisjonen



Lovverk:

- 1) Plan- og bygningsloven
- 2) Vegtrafikkloven
- 3) Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven
- 4) Folkehelseloven

Nasjonale føringer:

- 1) Nasjonal tiltaksplan for Trafikksikkerhet på vei 2022-2025
- 2) Nasjonal transportplan 2022-33
- 3) Nasjonal transportplan 2025-2036 (ny i mars 2024)
- 4) Statens vegvesen håndbok V722, Veileder Kommunale Trafikksikkerhetsplaner

Regionale og kommunale føringer og strategiar:

- 1) Kommuneplanens samfunnsdel
- 2) Kommuneplanens arealdel

3.2. Organisering av planarbeidet

Det blei oppretta ei arbeidsgruppe som hadde to møter gjennom revideringsprosessen.

Første møte gjekk ut på å informere om planarbeidet og starte prosessen med å få innspel frå viktige bidragsytarar og brukarar av vegnettet. Det blei og fokus på å få i gang prosessen med å samle oppdatert informasjon om trafikktryggingsarbeidet i Årdal kommune. Møte nr 2 hadde fokus på å samle alle tilbakemeldingar og innspel frå arbeidsgruppa, samt sjå på målsettinga for den reviderte trafikktryggingsplanen.

Deltakarar i arbeidsgruppa var:

Namn	Representerer
Åshild Wheeler	Asplan Viak AS
Bjørn Indrebø	Årdal kommune, teknisk/utedrift
Tor Erik Sveen	Årdal kommune, utval for tekniske tenester og samfunnstryggleik
Trond Akre	Politiet
Kurt Jevnaker	Rektor Farnes skule
Veronika Bjørnerud	Rektor Tangen skule
Ann Merete Svingum	Leiar SFO tangen
Svein Ove Åmas	Leiar ÅTT
Sebastian Hjertager Lund	Årdal kommune, plan
Martin Ramsland Stensaker	Årdal kommune, plan
Katrine Mari Njåstad Blaaflat	VLFK
Astrid Olea Sjåstad	VLFK, vegforvaltning
Audun Heggestad	Trygg Trafikk
Knut Olav Røssland Nestås	Trygg Trafikk

I revideringsprosessen blei det sendt spørjeundersøking til skulane for å betre ulukkes grunnlaget for mjuke trafikantar. Stader born kjenner seg utrygge eller har opplevd ulukker/nesten-ulukker er dermed tatt med i den oppdaterte rapporten. Sjå vedlegg 2 - Innspel til trafikktryggingsplanen.

4. Vegsystem i Årdal kommune


4.1. Veg- og trafikkmønster

Årdal kommune har 5239 innbyggjarar (01.01.2024). Dei fleste av desse bur i tettstadene Årdalstangen ved Sognefjorden og Øvre Årdal, om lag 13 km lenger oppe i dalføret. Kommunen sin sentraladministrasjon ligg på Årdalstangen. Fylkesveg 53 som går mellom tettstadane har ein ÅDT på 2377 (2023) med mykje tungtrafikk frå industrien. Dette er vegen med størst trafikkmengd i Årdal kommune.

Utanom dei to tettstadane er det relativt tetbygt i Seimsdalen (knytt til Årdalstangen) og i Utladalen (knytt til Øvre Årdal). Vidare er det spreidd bygde grender i Fardalen, Vikadalen (Naddvik) og Offerdal.



Figur 1: Oversiktsbilete av Årdal kommune.



Figur 2: Oversiktsbilete av sentrale deler i kommunen med trafikkmengd (ÅDT) fra vegdatabank.

Fjellvegen Årdal - Tyin (Fv 53) bind kommunen saman med Austlandet (Valdres). Fardalsvegen/Tindevegen (Fv5632) er fjellvegen mellom Øvre Årdal og Turtagrø. Vegen er normalt open frå mai til november, og er «snarvegen» gjennom Jotunheimen, og kortaste veg frå Bergen til Trondheim. Til eige fylke er det vegsamband til Lærdal kommune, med vidare tilknyting mot Bergen (Lærdalstunnelen) og mot Austlandet (via Valdres/Hallingsdal) og via ferjesambandet Fodnes - Mannheller nordover i fylket. Då sambandet til Lærdal kom, gav det sterkt auke i trafikken i ytre deler av kommunen (Vikadalen).

Andre fylkesvegar:

Fv5631: Øvre Årdal - Utladalen (Hjelle) - ca 7,0 km (tidlegare Fv301)

Fv5633: Årdalstangen - Seimsdalen - ca 6,5 km. (tidlegare Fv303)

Alle kommunale vegar blir drifta og vedlikehald av kommunen, medan Vestland Fylkeskommunen har den daglege ansvaret for fylkesvegane.

Skular og skuleskyss

Årdal kommune har to barne og ungdomsskular, ein i kvar tettstad. Farnes skule ligger i Øvre Årdal med 328 elevar og Tangen skule ligger på Årdalstangen med 200 elevar.

I tillegg har Årdal ein vidaregåande skule som ligger i Øvre Årdal.

Alle skulebarn frå 1-4 klasse som bur i Seimsdalen, Utladalen, Offerdalen Fardalen eller Naddvik har tilbod om skuleskyss.

I tillegg har elevane frå Seimsdalen skuleskyss opp til 10 klasse.

Mellom Ålmenhagen og Tronteigen er det problem med ras som stenger gang- og sykkelvegen over kortare perioder. Ved ras på gang-/sykkelveg blir det no satt opp ekstra buss til alle elevane i Utladalen så lenge gang/sykkelvegen er stengd. Det blir også satt opp skilt som gjer at bilistane blir ekstra oppmerksame på gåande og syklande i køyrebanen i periodar med stengd gang- og sykkelveg.

Oppgraderingar på vegnettet i Årdal kommune

Vestland fylkeskommune har i nyare tid oppgradert følgjande tunnelar:

- Naustbukti (2009)
- Midnestunnel (2014)
- Bermålstunnel (2016)
- Ljoteli tunnelen (2022)
- Seimsdalstunnelen (2023)

I tillegg har Vestland fylkeskommune planar om oppgradering av resterande tunnelane på Fv53 i løpet av dei neste åra (2025 - 2028).

- Steiggjatunnelen (Stedjetunnel)
- Finnsåstunnelen
- Kolnostunnelen
- Timreskredtunnelen

4.2. Ulukkesanalyse og trafikktryggingssituasjonen i dag

4.2.1. Trafikktrygging og ulukker på landsbasis

Trafikantane og styresmaktene har eit delt ansvar og gjensidig forplikting i forhold til kvarandre når det kjem til trafikktrygging. Trafikantane skal overhalde reglane i trafikken og dei skal vera aktsame.

Styresmaktene skal sørge for at veg- og transportsystemet er så sikkert at ei enkel feilhandling ikkje fører til døde eller hardt skada. Trafikksystemet skal vera tilpassa mennesket si toleevne.

Rapportering av ulukker

Etter vegtrafikklova skal alle trafikkuhell med personskade rapporterast til politiet.

For dødsulukker er rapporteringsgraden nær 100 %. Sameleis er det høg rapporteringsgrad for ulukker med alvorlege personskadar. Mindre alvorlege ulukker/skader vert ofte berre rapportert til forsikringsselskap, legevakt/sjukehus. Kanskje vert heile 60 - 70 % av skadane aldri rapporterte vidare til politiet.

Underrapporteringa gjer at det er vanskeleg å få oversikt over mindre alvorlege ulukker, altså dei ulukkene som ofte skjer i meir sentrale delar av kommunane der bilar har lågare fart. Det er og vanskeleg å få oversikt over nesten-ulukker, noko som kunne bidre til å synleggjere stader som kan vere trafikkfarlege. Sykkelulukker og ulykker med gåande involvert tilhøyrar denne gruppa. Grunna underrapporteringa er det ekstra viktig å involvera brukarar av vegnettet for å samla inn innspel om trafikkfarlege stader slik at vi får med oss meir enn det som vert vist i rapportar frå NVDB (Nasjonal vegdatabank).

Som ein del av revisjonsprosessen har vi sendt spørjeundersøking til skulane for å få betre ulukkesdata for mjuke trafikantar. Her blei det stilt spørsmål om ein har opplevd ulukker, eller om det er stader ein kjenner seg utrygge i kommunen. Elevane svarte på spørsmåla klassevis. Dette har gitt oss ei betre forståing for kva stader som opplevast som utrygge eller stader det kan oppstå farlege situasjonar, spesielt i tilknyting til skulevegen. Relevante innspel er tatt med i vedlegg 2 - «Innspel til trafikktryggingsplanen».

Ulukkesutviklinga i landet 2017 - 2023

Det er eit høgt tal på omkomne i 2023, og det er stor auking i møteulukker. Dei fleste ulukker der liv går tapt, er møteulukker eller utforkøyringar, då det ofte inneber høg fart. 11 av 20 omkomne på MC dør i utforkøyringar.

Det er elles nedgang på omkomne fotgjengarar. Dei ulukkene som har alvorlegast utfall med tanke på fotgjengarar er ofte grunna blindsoneproblematikk mot store køyretøy.

Ca 40% av ulukkene skjer grunna lovbro, medan 60% av ulukkene rammar trafikantar som følgjer vegtrafikken sine lover og gjer alt riktig.

Dersom alle brukte bilbelte, kørde rusfritt, heldt fartsgrensa og var oppmerksame under køyring, kunne om lag 50% av dødsfalla vore unngått.


4.2.2. Ulukkes-statistikk 2014-2024 i Årdal kommune

Grunnlagsmateriale for ulukkesstatistikk i Årdal kommune i perioden 2014 - 2024 er henta frå Nasjonal vegdatabank. Detaljar om ulukkene er vist i vedlegg 3.


Vi har ikkje informasjon om skadegradsgrad på ulukkene, eller aldersgrupper som er involvert, då vegdatabanken krev spesiell godkjenning for å sjå sensitive opplysningar.

I tidsrommet februar 2014 til februar 2024 er det registrert 26 ulukker i Årdal kommune.


Ulukkene er fordelt på tre vegtypar. 18 ulukker er registrert på fylkesveg, 5 ulukker er registrert på kommunal veg, og 3 ulukker er registrert på privat veg.



Figur 3 Oversikt over trafikkulukker i Årdal kommune 2014 - 2024. Informasjon er henta fra NVDB.



Tabell 1: Oversikt over kva ulukker som har vore dominerande frå 2014 - 2024.



Tabell 2: Oversikt over kva trafikantgrupper som har vore involvert i ulukkene frå 2014 - 2024.

Den mest dominerande ulukkestypen i Årdal kommune er utforkøring. Møteulukker har og førekome, men i mindre grad enn utforkøring. Under kategorien «andre ulukker» er det omfatta påkøring av parkert bil, velt av bil, påkøring av gjenstand eller andre typar trafikkulukker. Dette er mest sannsynleg ulukker med mindre alvorlege utfall, då dei fleste har forkome i lågare fart.

For å unngå fleire alvorlege utforkøringar og møteulukker er det fleire tiltak som kan gjennomførast. Blant anna:

- Betre siktforhold, spesielt i kurver. Det kan gjerast ved blant annet å fjerne vegetasjon eller fjerne sikthindrande fjellknausar.
- Utbetra farleg sideterreng
- Sikre at det er godkjent rekkverk med rett styrkeklasse på farlege stader. (Viktig å fornye gammalt rekkverk.)
- God belysning i farlege områder, eller der vegen har ei unaturleg/uventata utforming.
- Varsling av krappe/farlege kurvar
- Etablering av midtrekkverk eller forsterka/profilert midtoppmerking for å redusere tal på møteulukker.
- Lågare fart på køyrande
- Rusfri køyring

Ulukker/nestenulukker etter innsamla grunnlag frå elevar

Det er registrert 3 nestenulukker eller farlege situasjonar på Årdalstangen. Det var ei hending der ein bil ikkje såg ein elev ved Vassbugen, ei hending i Sandgata mellom sykkel og bil, og ei hending ved Krokabakken ved ambulansen. Her kom bilen i høg fart, og såg ikkje eleven som kryssa vegen grunna at ambulansen stod parkert slik at den hindra sikt.

I Øvre Årdal er det registrert to nestenulukker. Det var ei hending der ein elev nesten vart påkøyrd grunna uoversiktlege vegar og høg vegetasjon (hekk). Det var og ei nestenulukke ved eit gangfelt der bilen ikkje overheldt vikeplikta for kryssande fotgjengar.

4.2.3. Andre trafikale utfordringar

Med bakgrunn i lokalkunnskap, vert ei rekke stader i kommunen vurderte som trafikkfarlege i ulik grad. Vedlegg 2 - «Innspel til TS plan 2024- 2030» er eit oversyn og ei kort omtale av desse stadene/tiltaka. Det er teke utgangspunkt i innspel frå tidlegare planarbeid og innspel som har kome inn i denne revideringsprosessen. Det er innspel både frå arbeidsgruppa, privatpersonar og elevar ved skulane.

Kort oppsummering av innhald i innspela:

- Parkeringsproblem ved skulane

- Parkeringsproblem generelt
- Belysning (dårleg eller ikkje eksisterande)
- Siktpunktproblem
- Rekkverksproblem
- Mangel på rassikring/varsling av ras
- Ønskje om gangfelt eller oppgradering av gangfelt (ny oppmerking, skilt, belysning)
- Ønskje om forbetringar med tanke på tunnelar (blir sannsynlegvis dekka av kommande tunelloppgraderingar)
- Gjerder (mangel på gjerder eller gjerder i dårlig stand)
- Farlege kryssingspunkt for mjuke trafikantar
- Mangel på fortau frå haldeplass og vidare til målpunkt
- Tiltak for å redusera fart (fartshump, skilt)

Vidare har vi oppsummert innspela i fire hovudproblem:

Kaotiske forhold ved skular med tanke på henting og levering

Ved både Tangen skule og Farnes skule oppstår det kaotisk trafikkavvikling ved levering/henting av elevar. I forbindelse med dette oppstår det fleire trafikkfarlege situasjonar for elevane. Dette er og nemnt som eit problem i kommunedelplanen, og det er eit stort ønskje om å betra situasjonen kring skulane.

Kaotisk trafikksituasjon ved Jotun Stadion/Årdalshallen/Elvavegen

I området ved parkeringsanlegga ved Jotun stadion/Jotunvegen er det ofte kaotiske trafikkforhold. Det er kome innspel om at det er registrert høg fart i området, feilparkering/villparkering og at køyrande ikkje følg gjeldande skilting for området. Det er ein uoversiktleg situasjon for køyrande og mjuke trafikantar, og det er ikkje ein dedikert plass for av- og på stiging for ungar som skal til idrett.

Trygge haldeplassar

I kommunedelplanen er det nemnt at ein ønskjer at fleire nyttar seg av kollektivtransport eller sykkelen. Eit viktig tiltak for å auke talet på busspassasjerar er at haldeplassar er utforma på ein god og trygg måte og at ein kan kome seg trygt til og frå haldeplassen.

I Årdal kommune er det fleire stader kor det ikkje vert opplevast som trygt ved haldeplassane. Det er til eksempel ikkje eit trygt av- og på stigningsareal, eller det manglar kanskje eit trygt gangareal til og frå haldeplassen. Det er og nokre stader kor det er for dårlig belysning av haldeplassane.

System for mjuke trafikantar

Det som elles er nemnd i innspela, er at det er behov for oppgradering av system for mjuke trafikantar. Det kan for eksempel vere oppgradering av kryssingspunkt for gåande med oppmerking av gangfelt, behov for nye gangfeltskilt, eller oppgradering/ny belysning i forbindelse med gangareal.

5. Trafikktryggingsarbeid i Årdal kommune

5.1. Årdal tenk tryggleik (ÅTT)

Årdal tenk tryggleik er det øvste samarbeidsorganet mellom kommunen og politiet. Det er Årdal kommune sitt politiråd.

ÅTT er eit samarbeid mellom Årdal kommune, Hydro, politiet, Skadeførebyggande Forum, Trygg Trafikk, Fylkeskommunen, Statens Vegvesen, lokalt næringsliv, lag og organisasjonar og bygdefolk flest.

Føremålet er å førebygge skade ulukke og kriminalitet i kommunen. Årdal tenk tryggleik er ei "adresse" alle kan vende seg til, og der alle får svar. Attendumsgarantien er drivkrafta i konseptet og lokalsamfunnet tenker såleis tryggleik både i fritid og arbeid.

Årdal kommune var den første kommunen i Sogn og Fjordane som vart godkjent som trafikksikker kommune av Trygg Trafikk. Første godkjenning var i 2016 og kommunen vart seinare re-godkjent i 2020 og i 2023 av Trygg Trafikk.

Styrande komité i ÅTT er samansett av:

- Ordførar
- Kommunedirektør
- Politiet; Tenestadsleiar og politikontakt
- Hydro Aluminium ved fabriksjef
- Leiar Norsk Folkehjelp Årdal
- Leiar Årdal LO
- Kommunalsjef Helse og omsorg, og Nav
- Nav – rustenesta
- Sivilforsvaret
- Leiar i ungdomsrådet
- Koordinator ÅTT

Trafikktryggleik har høg prioritet i ÅTT og politi, teknisk etat, skulane, lokale bedrifter og Trygg Trafikk er viktige samarbeidspartnarar på dette området.

Andre aktivitetar i Årdal tenk tryggleik:

- Mottak loggføring av hendingar, situasjonar, forslag. Kontakt med rett instans i sakene.
- Representere i Felles politiråd for Årdal, Lærdal og Aurland
- Årlege vernerundar i heile kommunen sitt gatenett, med brev og foto til eigar av evt problem.
- Heimebesøk til alle som fyller 80 år, sjå på tryggleik og bu-trygt heime meistring.
- Branntryggleik-prosjektet «Livsviktig» (TryggHeime). Detta er eit samarbeid mellom helse og brann, som går på branngryggleik hos risikoutsatte personar.

- Refleksvestar til 1. klasse i september.
- Utlevering av sykkelhjelm og sykkellykter til 4. klassane.
- Krav om å ta sykkelsertifikat før man får sykle til skulen
- Prosjekt "Politikameratane" for 15 åringer / konfirmantkullet Årdal, Lærdal og Aurland.
- Fellesmøte med russen for å bidra med hjelp til aktivitetar, som «gåtur», lokkisfester etc

Koordinator for Årdal tenk tryggleik er ein 20% stilling i kommunen, men har og stilling som leiar Førebyggande i Samfunnstryggleik.

5.2. Trafikkregulering og kontroll

Lensmannskontoret i Årdal samarbeider med lensmannskontora i Lærdal og Aurland, og Sogndal politistasjon. Vidare har ein eit samarbeid med Statens vegvesen (særleg ved etterforsking), Årdal tenk tryggleik, Trygg Trafikk og andre.

Når det gjeld Årdal tenk tryggleik, samarbeider Lensmannskontoret og ÅTT om besøk i barnehage (politibamsen), barne og ungdomsskule, og vidaregåande skule(russ) for trafikkopplæring og førebygging av trafikkfarlege situasjonar.

Politiet og Statens Vegvesen har saman eit ansvar for overvaking og kontrollverksemd i trafikken. Politiet si trafikkovervaking gjeld alle sider ved vegtrafikken, medan Statens Vegvesen har eit noko meir avgrensa arbeidsområde (tunge køyretøy, teknisk kontroll).

Hovudføremålet for kontrolltenesta er å få ned talet på trafikkulukker. Kontrollane blir difor retta mot dei områda som gir størst effekt for trafikktryggleiken.

Kvart år vert det laga eigne trafikkplanar for Sogn (region-Sogn) som seier noko om kva kontrollar som skal gjennomførast.

I planane vert det sett opp :

Eigne måltal for:

- tal kontrollerte køyretøy i region Sogn
- tal reaksjonar i region Sogn, som kan vere; gebyr, førelegg eller anmeldelse

Kva type kontrollar som skal gjennomførast:

- fartskontroll (laser, radar, gjennomsnittsmåling)
- promillekontroll – aktuelle helgar
- kontroll av køyretøy dokument
- kontroll av åtferd
- kontroll av lys

- kontroll av bilbelte
- kontroll av skulevegar

I tillegg kjem nasjonale temaveker, fastsett av politidirektoratet.

Forvaltning

Sogn og Fjordane politidistrikt har blitt med i eit prosjekt saman med fylkesmannen. Dette går ut på å bruke moglegheitene i vegtrafikklova som går på om ein er skikka til å ha førarkort.

Etter at dette prosjektet blei starta har det blitt ei auke i tal førarkort som er inndratt pga. misbruk av narkotika, alkohol, eller helsetilstand. Det blir tatt forvaltningsmessige avgjersler om at føraren ikkje fulgjer vilkåra for å inneha førarkort, og må på det grunnlaget levera førarkortet frå seg.

5.3. Opplæring og informasjon – Barn og ungdom

Barnehagane

Det er 2 barnehagar på Årdalstangen og 4 i Øvre Årdal. Desse driv førebygging t.d. ved samtale og ved rettleiing når borna er ute i trafikken.

Tema som vert teke opp er:

- Korleis ein kryssar ein veg, (å sjå seg godt for).
- Korleis ein går langs med vegen.
- Korleis ein oppfører seg når ein går på tur

Skulane

Kommunen har to oppvekstområde/skulane: Øvre Årdal (Farnes skule) og Årdalstangen (Tangen skule). Barne- og ungdomssteget vert på kvar av desse stadene administrert saman.

Trygg trafikk sin perm "trafikkopplæring" vert nytta i informasjonsarbeidet, og ein trekk og inn andre eksterne ressursar som politi, Årdal tenk tryggleik osv.

På begge skulane øver dei minste på å gå skulevegen (rett side, gangfelt, kryssing, refleksbruk). På Tangen skule går ein i tillegg skulevegen til kvar elev. Politiet kjem til skulen og deler ut refleksvestar og trafikkalenderar. I starten av året er det fylgjeteneste på skulebussen om dette syner seg nødvendig. Dei noko eldre har meir om oppførsel i

trafikken. Dette er praktiske øvingar i samband med uteskule. Seinare går ein gjennom skilt/trafikkreglar i lag med politiet.

Tiltak som vert jobba med for å auke trafikktrygging for elevane:

- Aksjon skuleveg - gå til/frå skulen.
- "Busse Rulle" - vera med skulebussen. (berre ved Tangen skule)
- Refleksaksjon saman med andre - Årdal tenk tryggleik.
- Temadag: «Sykkelprøve»
- Informasjon om sykkel, verneutstyr og åtferd - utdeling av sykkelhjelm i regi av Årdal tenk tryggleik og sykkellykt frå skulen.
- Tema på foreldremøte: «Skulevegen»

Generelt vert alle elevane jamleg engasjerte i registrering av trafikkfarlege punkt.

Småskulen 1. - 4.klasse:

Det vert fokusert på skuleskyss og skulevegen til 6 åringane i samarbeid med politiet og Årdal tenk tryggleik. 1.klassingane får og utdelt refleksvestar av politiet, i regi av Årdal tenk tryggleik.

4. kl. -Sykkelprøve om våren (skulen oppfordrar elevane om ikkje å sykle til skulen før etter sykkelpullen er gjennomført).

4. kl. - Trafikkveke på våren. Ein avsluttar med sykkelpullen.

Mellomsteget 5. - 7. klasse

6. kl - Sykling og tryggleik som tema.

5-7. kl. - Trafikkveke på våren.

Politiet tek opp viktige tema om:

- Haldningar/åtferd i trafikken
- Viktige reglar - trafikkreglar og konsekvensar
- Sykkel, verneutstyr, åtferd - "Sykkeldag»

Ungdomssteget 8.- 10. klasse

Trafikkundervisning vert i samsvar med fagplanar, integrert i andre fag - t.d. naturfag og data (trafikkstatistikk).

Tilbod om trafikalt grunnkurs vert gjeve til 10.- klassingane. Dette går inn som ein del av trafikk valfag.

Elevane som har trafikk valfag underviser elevane i fjerdeklasse i ulike trafikale tema i samband med at elevane skal ha sykkelopplæring ute i trafikken. I tillegg har dei refleksasjon saman med småskulen.

Lensmannskontoret gjennomfører/deltek i:

- 9. kl -Kriminalførebyggjande og haldningsskapande opplegg i "Politikameratane", over 2 dagar (9.kl.)
- Tema kring trafikk og trafikkopplæring.
- Gjennomgang av trafikkreglar, konsekvensar av å utfordra naturlovene og å bryta dei juridiske lovene - haldningsskapande arbeid.

Trafikk og trafikkopplæring går inn som naturleg tema i natur og miljøfag, matematikk og IKT. Politiet har vidare utarbeidd ein undervisningsperm der dei, saman med skulane, eller åleine, gjennomfører ulike tema med elevane.

Vidaregåande skule

I kommunen er det ein vidaregåande, Årdal vidaregåande skule, lokalisert til Øvre Årdal. Skulen har engasjert seg ein del i trafikktryggingsarbeidet.

Skulen har opplegg (temadagar) om trafikktryggleik, og deltek i ei samarbeidsgruppe (jf. ÅTT) om tryggingsarbeid på dette feltet.

ÅTT arbeider for å få til årleg temadag innan trafikktrygging.

Politiet gjennomfører/deltek i:

- trafikkreglar/konsekvensar/førarkort for bil
- RUSS og trafikk - åtferd, fart, rus, mangel på merksemnd

6. Visjon og mål

6.1. Visjon

Årdal skal vera ein god og trygg stad å bu for alle grupper. Med bakgrunn i dette ønskje, og ut frå signal frå sentrale styresmakter, er det sett opp ein visjon for arbeidet med trafikktrygging og vegforvalting i Årdal:



Ingen drepne eller hardt skadd har opphav i nullvisjonen som blei vedteke av Stortinget i 2002. Nullvisjonen er ei klargjering av at det er moralsk og etisk uakseptabelt at folk blir drepne eller hardt skada i trafikkulukker. I tillegg utgjer ulukkene ein kostnad ved trafikksystemet som vi ikkje kan godta, på tross av dei fordelane vegtrafikken gir.

Nullvisjonen er altså både ein etisk vegvisar og ei retningslinje for det vidare trafikktryggingsarbeidet i Norge.

Med visjon om eit tenleg vegnett for alle brukargrupper, er det ønskje om at alle trafikantar skal ha moglegheit til å komme seg fram på ein trygg og god måte, inkludert dei med særskilte behov. Eit felles overordna mål i kommedelplanen sin samfunnsdel handlar nettopp om å betre den universelle utforminga av vegnettet i kommunen, noko som skapar god trivsel, og gir moglegheit for alle å delta aktivt i samfunnet.

6.2. Mål for Trafikktryggingsplanen 2016-2022(26)

Årdal kommune har god gjennomføringsevne, og har utført ca 90% av tiltaka frå førre trafikktryggingsplan. Sjå vedlegg 1 for utførte tiltak.


Tiltaka som blei utført i førre plan, handla i hovudsak om belysning, fartsmåling, fartsdempande tiltak, skilting, løysing av parkeringsproblem, nye fortau, rassikring, tunneloppgradering og siktrydding.

Når områder i kommunen blir oppgraderte, er det alltid fokus på å tilpassa områda til alle brukarar, også dei med særskilt behov.

6.3. Mål for Trafikktryggingsplanen 2024 - 2030

Med utgangspunkt i Årdal kommune sin visjon, ulukkesdata, hovudfaktorane for ulukker, og ei samla vurdering av trafikktryggingsutfordringar i kommunen, er hovudmål i Trafikktryggingsplanen 2024-2030 fastsett.

Hovudmål



7. Handlingsplan og tiltak

Årdal kommune jobbar kontinuerleg med trafikktrygging som vist i kapittel 5.

Trafikktrygging er i fokus, og det er gode rutinar for å betra høva for alle trafikantar, både med tanke på førebygging/opplæring og fysisk gjennomføring av tiltak. Kommunen har også gode rutinar for å melde inn utrygge punkt på vegnettet, der alle bebruarar har moglegheit til å kome med innspel til punkt dei ønskjer å utbetra. Vedlegg 2 «Innspel til Trafikktryggingsplan for Årdal kommune 2024- 2030» er ei samling av desse punkta for perioden 2024-2030.

Kommunen har i denne planen også etablert ei digital løysing for å registrera innspel. Det betyr at det blir enklare for enkelpersonar å kartfesta punkta ein melder inn, og dermed også meir effektivt for kommunen å behandla innspela. Ved å få god oversikt over kva område innspela ligg i, vert det enklare få innspel gjennomførde i allereie planlagde prosjekt. Det vert og enklare å sjå om det er spesielle strekningar med ekstra behov for trafikktryggings tiltak, då det vil ligge tettare punkt i slike områder. Alle innspela i vedlegg 2 ligg også inne i den digitale løysinga.

Vidare i kapitelet går vi meir inn på korleis kommunen skal jobbe framover for å oppnå dei nye måla.

Hovudmål	Tiltak for å nå mål
Motta prisen for «Årets trafikksikkerhets-kommune»	<ul style="list-style-type: none">• Re-godkjenning som trafikksikker kommune av Trygg trafikk i 2026 og 2029.• Ha ein oppdatert, god og oversiktig trafikktryggingsplan som vert etterfylgt
Fleire skal føle seg trygge på veg til skule og barnehage	<ul style="list-style-type: none">• Etablere hjartesone ved Farnes og Tangen skule.• Kartlegging av skulevegar som blir nytta av mjuke trafikantar og vurdere tiltak for å betra trafikktryggleiken for skuleborn.• Synfaring ved dei viktigaste haldeplassane med flest passasjerar i kommunen, og vurdere tiltak.• God belysning av skulevegar.

Fleire skal føle seg trygge i og rundt idrettsanlegg	<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegging av behov for køyring rundt anlegga • Sikre låg fart i nærleiken av idrettsanlegga. • Sikre god belysning rundt idrettsanlegga. • Gjere sykling til idrettsanlegga meir attraktivt.
Vegnettet skal vere tilpassa alle brukarar	<ul style="list-style-type: none"> • Alle komande vegprosjekt skal prioritera tilgjengelege for alle brukarar av vegnettet. • Det skal vere fokus på universell utforming ved gjennomføring av alle trafikksikringstiltak • Krav om same standard på vintervedlikehald av areal avsett til mjuke trafikantar, som til køyrande.
Redusera talet på og konsekvensar av utforkøyringar og møteulukker	<ul style="list-style-type: none"> • Synfare ulukkespunkt langs Fv53 ved Rausnes og utføre naudsynte trafikktryggingstiltak. • Synfaring på andre moglege ulukkespunkt og utbetra punkt med bakgrunn i tiltak som er nemnt i kapittel 4.2.
Utbetra siktforholda langs fylkesvegar og kommunale vegrar	<ul style="list-style-type: none"> • Sikt og vegetasjonsrydding langs fylkesvegar. • Sikt og vegetasjonsrydding langs kommunale vegrar, særskilt langs skulevegar i avkjørsler som kryssar gangveg. • Kampanje «Klipp hekken»
Fleire overheld fartsgrenser, kører rusfritt og er merksame i trafikken	<ul style="list-style-type: none"> • Auka fokus i trafikkopplæringa ved vidaregåande skular om fart, rus og manglande merksemrd. • Kampanjar for å auka bevisstheita rundt desse tema • Kontrollar i nærleiken av skular.

7.1. Mota prisen for "Årets trafikksikkerhetskommune"

For å mota prisen for «Årets trafikksikkerhetskommune» krev det at kommunen skal ha ein oppdatert, god og oversiktig trafikktryggingsplan som vert etterfylgt. I planen skal det inngå trafikksikring av skulevegar. Trafikktryggingsplanen skal vere eit aktivt dokument som vert revidert jamleg. Oppdatering av status på innspela i planen skal gjennomførast minimum kvart år. Kommunen skal dokumentera tiltak som er gjennomført, og vise at tiltaka er evaluert og har positiv effekt på trafikktryggleiken. Ein eventuell pengepremie for årets trafikkserhetskommune kan brukast for å betre trafikktrygginga i kommunen.

Re-godkjenning som trafikksikker kommune er kostnadsfritt og baserer seg på dei lover og forskrifter kommunen har plikt til å arbeide systematisk med. For å lukkast, må alle av kommunen sine einingar/avdelingar involverast i arbeidet og kvar leiar må ta sitt delansvar. Arbeidet må forankrast i den politiske og administrative leiinga. Godt

trafikktryggingsarbeid gjev kommunen bra omdømme, trygt lokalmiljø, mindre skadar og nøgde innbyggjarar.

7.2. Fleire skal føle seg trygge på veg til skule og barnehage

For å oppnå trafikksikker veg til skule og barnehage, er det i fyrste omgang planar om å starte Hjartesoneprosjekt ved begge skulane. Dette konseptet handlar om å gjera området omkring barnehagane og skulane bilfritt og at det vert oppretta sokalla droppssone framfor barnehage og skule. Her er det viktig med åtferd- og haldningsskapande arbeid som gjer at færre brukar bil til og frå skulen. Åtferd- og haldningsskapande tiltak skal og vere retta mot opplæring. Tiltaksmidlar frå overordna myndigheiter er venta å kunna verta brukt til innføring av Hjartesone i kommunen. Dessutan ventar ein økonomiske tilskot og ressursar til fagleg planlegging. Ei trygg Hjartesone kring skulen kan gjera det lettare for elevane å gå og sykla til skulen. Sjå vedlegg 4 og 5 for meir informasjon om hjartersone.

Det er og viktig å sjå på strakstiltak i områda rundt skulane der det er mogleg å gjere raske tiltak medan hjartesoneprosjekta startar opp.

Innspela i vedlegg 2 seier noko om kva stader elevar kjenner seg utrygge. Dette er i hovudsak stader med mangel på åtskilt areal for mjuke trafikantar, därleg belysning av området, eller det er system som ikkje er lett å lesa og som dermed gir et uklårt trafikkbilete. I prosessen med å utføra fysiske tiltak er det viktig gå på synfaring langs skulevegane for å betre utrygge områder. Det er mål om å ha minimum 2 meter breidde på fortausareala i kommunen.

Eit anna viktig punkt for å oppnå trafikksikker skuleveg er å synfare haldeplassar og undersøkje trafikksikringa der. Det bør vere fokus på synfaring ved haldeplassane med flest passasjerar. Her er det spesielt viktig å sjå på utforminga av haldeplassen. Er det eige av- og påstigningsareal for gåande? Er området tilstrekkeleg belyst? Er det fortau frå haldeplass og vidare til målet?

God vinterdrift på anlegg for mjuke trafikantar er og viktig å fokusera på. Dette gjeld blant anna å ha oppgradert vegmerking, same standard på vintervedlikehald på areal avsett til mjuke trafikantar som til køyrande, samt fjerne grus frå køyrebana, spesielt der fleire syklar.

7.3. Fleire skal føle seg trygge i og rundt idrettsanlegg

For å betre trafikktryggleik i og rundt idrettsanlegg er det viktig å kartlegge kven som har behov for å köyre heilt fram til inngangspartiet til idrettsanlegga, og kven som kan hente, leve, eller parkere i lengre avstand frå anlegga. Ein bør ha eit dedikert område for av- og på stigning, og eit oversiktleg og lettlese system for köyrande og mjuke trafikantar. Jo mindre trafikk ein har nært anlegga, jo betre blir trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.

Det er også viktig at dei som kører nært slike anlegg held låg fart, og at områda er godt belyste.

Der køyrande ikkje følg gjeldande skilting om innkøyring/parkering eller held fartsgrensa, er det viktig å bøtelegge for at handhevinga av skilt skal tas meir alvorleg.

Ein må også vurdere kva tiltak ein kan gjere for at fleire kan sykle eller gå til anlegga. Er det nok sykkelparkering? Er det eige system for gåande på området?

7.4. Vegnettet skal vere tilpassa alle brukara

For å sikre god tilgjengeleghet for mjuke trafikantar er det viktig med fokus på universell utforming i alle komande prosjekt og ved utføring av trafikksikringstiltak. Vegnettet skal vere tilgjengeleg for alle, både eldre, og personar med funksjonsnedsetting. Med tanke på drift av vegnettet, skal standard på vintervedlikehald på areal avsett til mjuke trafikantar tilsvara vinterdrift som til bilvegar.

Håndbok V129 «Universell utforming av veger og gater» er laga for å bidra til å nå Nasjonal transportplans mål om et universelt utforma transportsystem. Den er et nyttig hjelpemiddel for å oppnå eit godt trafikksystem for alle. Her kan ein finne konkrete tiltak som kan gjera stor betring for personar med særskilte behov.

7.5. Redusera talet på og konsekvensar av utforkøyringar og møteulukker

For å redusera talet på og konsekvensar av utforkøyringar og møteulukker er det tiltak nemnd under kapittel 4.2, ulukkesdata som er aktuelle. Eit spesifikt mål i denne planen er å synfara ulukkespunktet langs Fv53 ved Rausnes og sjå kva tiltak ein kan gjere her for å få ned tal og konsekvensar på ulukker. Det er elles viktig å vurdere trafikksikringstiltak dersom det er andre stader det oppstår fleire utforkøyringar og møteulukker i kommunen.

7.6. Utbetre siktforholda langs fylkesvegar og kommunale vegar

Sikt og vegetasjonsrydding er tilhøve som ein ynskjer å ha fokus på i denne perioden. Det gjeld både i sentrumsdelen av kommunen, og langs meir trafikkerte fylkesvegar. Det er planlagt å ha ein årleg kampanje om vegetasjonsrydding i siktsoner, spesielt i avkøyrsler langs skuleveg, eller i nærleik av skular og barnehagar.

7.7. Fleire overheld fartsgrenser, kører rusfritt og er merksame i trafikken

Dei tre hovudfaktorane til at ulukker skjer er fartsovertredelser, manglande merksemd og ruspåverka køyring. Årdal kommune har eit ønskje om å påverke desse faktorane.

I kapittel 5.2 er det nemnt ulike politikkontrollar med fokus på desse punkta, som jamleg blir gjennomførde i kommunen. I tillegg vil det bli gjennomført kontrollar der det oppstår ekstra behov for dette. Det er også ønskjeleg med fleire kontrollar i nærleiken av skular etter innmelde behov.

I perioden 2024-2030 er det og ønskje om å arrangere ulike kampanjar. Dette gjeld kampanjar om manglande merksemd i trafikken, rus i trafikken, og kampanjar om høg fart.

Kampanjane skal dele faktabasert informasjon om problematikken med fart, rus og manglande merksemd, og dermed auka bevisstheita rundt desse tema.

Det er også et mål om å få meir informasjon om desse tema inn i trafikkopplæringa ved vidaregåande skular.

7.8. Gjennomføra fysiske tiltak i tråd med innmelde behov

Eit av hovedtiltaka for å nå dei nye måla, er å gjennomføre fysiske tiltak i tråd med innmelde behov. Det gjeld gjennomføring av dei fysiske tiltaka som er samla i vedlegg 2 «Innspel til Trafikktryggingsplan for Årdal kommune 2024 - 2030».

Alle tiltaka skal gjennomførast i planperioden i samsvar med den prioriteringa som er satt i vedlegget. Dei fleste tiltak er strakstiltak/mindre tiltak, mens nokon tiltak er meir omfattande.

Årdal kommune og Asplan Viak har vurdert innspela, og gitt aktuelle tiltak tilrådd prioritering for gjennomføring.

Det er ei kolonne som viser status for gjennomføringa. Denne kolonna må oppdaterast etter kvart som tiltaka blir utført, slik at lista alltid er oppdatert.

Det er i stor grad lagt vekt på å fremja tiltak som vil betra tilhøva for skuleelevar og mjuke trafikantar generelt, noko som er i tråd med hovudmålet om trygg veg til skule og barnehage.

Kommunen har fokus på å få innspel frå trafikktryggingsplanen inn i nye prosjekt, slik at ein får gjort tiltaka samstundes som planlagde prosjekt vert utført.

Ansvarleg vil i utgangspunktet vera veigaren, dvs. fylkeskommunen for fylkesvegar og kommunen for kommunale vegar (evt. og private for private vegar). Det er likevel ein del prosjekt med delt ansvar.

For tiltak innafor fylkeskommunen sitt ansvarsområde vil kommunen oppmoda om

at det vert teke omsyn til prioriteringane nedanfor.

7.9. Krav og rettleiing for gjennomføring av tiltak

Etablering av fartshump.

Det er handbok V128 «fartsdempande tiltak» som set krava for å etablere fartshumpar eller andre fartsdempande tiltak. Der det er vurdert å etablere fartshump, anbefalast det å gjennomføre fartsmålingar over fleire døgn. Det er behov for fartsdemping når fleire enn 15% kører 5km/t fortare enn fartsgrensa på strekningen. Strekningane vil då bli prioriterte for ev. tiltak så snart som mogleg.


Etablering av gangfelt.

Det anbefalast at følgande tilhøve vert lagt til grunn ved etablering av nye gangfelt, eller når det skal vurderast om eksisterande gangfelt skal oppretthaldast:

- Fartsnivå
- Fartsgrense
- Trafikkmengd (ÅDT) og mengde på tungtrafikk
- Tal på kryssande personar i makstimen
- Omsyn til grupper med særskilte behov (skuleborn, eldre og personar med nedsett funksjonsevne)
- Alternative kryssingsmoglegheiter
- Andre lokale forhold (for eksempel siktforhold og kurvatur)
- Om gangfeltet inngår i eit gangvegnet.

Klipping av hekkar og buskar

Om du eig eller disponerer ein eigendom med avkøyrsle til veg eller gang- og sykkelveg, har du ansvar for å sørge for fri sikt ved di avkøyrsle og mot vegkryss.



Figur 2 Illustrasjon fra <https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/vegetasjonsrydding/>

7.10. Budsjettmessige og administrative konsekvensar

For planperioden 2024 - 2030 er det i utgangspunktet sett av kr. 200.000 i året til trafikktryggingstiltak. Dette er kommunen sin del av kostnadane. Vidare er det mogleg å søkje om meir pengar til spesielle tiltak som er ønska utført.
<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/trafikktryggleik/trafikktryggingsaktivitetar/>.

I tillegg har Vestland fylkeskommune planar om oppgradering av 4 stk tunnelar på Fv 53 i Årdal kommune

- Steiggjatunnel (Stedjetunnel)
- Finnsåstunnelen
- Kolnostunnelen
- Timraskredtunnelen

Kommunen sitt rekneskap/budsjett for trafikktrygging:

1. 2021	kr 245.000,-	Rekneskap
2. 2022	kr 150.000,-	Rekneskap
3. 2023	kr 707.000,-	Rekneskap
4. 2024	kr 200.000,-	Budsjett
5. 2025	kr 200.000,-	Budsjett
6. 2026	kr 200.000,-	Budsjett
7. 2027	kr 200.000,-	Budsjett

7.11. Oppfølging av planen

Arbeidsgruppa under leiing av Bjørn Indrebø, er ansvarleg for årleg oppfølging av planen. Det vil sei årleg kontroll av framdrifta for gjennomføring av tiltak i forhold til det som er planlagt.

